



# Innst. 98 S

(2014–2015)

## Innstilling til Stortinget frå næringskomiteen

Prop. 28 S (2014–2015), unntatt kap. 1137

### **Innstilling frå næringskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2014 under Landbruks- og matdepartementet**

Til Stortinget

#### **Sammendrag**

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2014.

#### **Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet**

##### ***Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast***

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner, mot tilsvarande auke på kap. 1137 post 53.

##### ***Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter***

Departementet gjer framlegg om at løyvinga på kap. 1100 post 50 blir redusert med 0,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av kap. 1137 post 53.

#### **Kap. 1115 Mattilsynet**

##### ***Post 1 Driftsutgifter***

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner. Dette er knytta til reduserte utgifter til kjøtkontroll fordi visse oppgåver er flytta frå Mattilsynet til slakteria. Det er i tillegg endringar i slakteristrukturen i Noreg som også påverkar oppgåvene til Mattilsynet. Det blir også vist til omtale i proposisjonen under kap. 4115 post 1.

#### **Kap. 4115 Mattilsynet**

##### ***Post 1 Gebyr m.m.***

Revidert prognose for inntektene på posten er 134,5 mill. kroner. Dette er om lag 8 mill. kroner lågare enn løyving. Det blir foreslått ein reduksjon på posten på 8 mill. kroner.

#### **Kap. 1137 Forsking og innovasjon (behandles av kirke-, utdannings- og forskningskomiteen)**

##### ***Kap. 1147 Statens reindriftsforvaltning***

##### ***Post 1 Driftsutgifter***

Departementet gjer framlegg om ei omdisponeering på 2,5 mill. kroner frå kap. 1147 post 82 og 0,5 mill. kroner frå post 45.

Det blir gjort framlegg om at kap. 1147 post 1 blir auka med totalt 3 mill. kroner.

##### ***Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast***

I tråd med omtalen under kap. 1147 post 1 blir det gjort framlegg om at kap. 1147 post 45 blir redusert med 0,5 mill. kroner.

##### ***Post 82 Radioaktivitetstiltak, kan overførast***

Det blir gjort framlegg om at kap. 1147 post 82 blir redusert med 2,5 mill. kroner.

#### **Kap. 1148 Naturskade – erstatningar**

##### ***Post 71 Naturskade, erstatningar, overslagsløyving***

På bakgrunn av oppdaterte prognosar gjer departementet framlegg om å auke løyvinga på posten med 22,1 mill. kroner.

Oppdaterte prognosar viser at det vil bli gitt tilsegn om erstatningar i 2014 som ikkje vil komme til utbetaling same året. Landbruks- og matdepartementet gjer difor framlegg om å auke tilsegnfullmakta med 18,2 mill. kroner, til 131,1 mill. kroner.

### **Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

#### **Post 1 Driftsutgifter**

I samband med budsjettet for 2014 vart det i jordbruksoppgjernet 2014 omdisponert 5 mill. kroner til post 1 for å finansiere første del av den store IT-omlegginga av forvaltingssystemet for produksjonstilkotta (eStil). Departementet gjer framlegg om at løyvinga blir flytta til ny post 21 og at posten får stikkord «kan overførast». Det blir også gjort framlegg om å redusere løyvinga på post 1 med 4,4 mill. kroner til 3 mill. kroner.

#### **Post 21 (Ny) Spesielle driftsutgifter, kan overførast**

Departementet viser til omtalen under post 1 og gjer framlegg om å opprette ny post 21, der ein del av løyvinga på post 1 blir omdisponert til denne posten.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten tilsvarende 4,4 mill. kroner i 2014, ved omdisponering frå post 1 under same kapittel.

#### **Post 71 Tilskott til erstatningar m.m., overslagsløyving**

Posten dekkjer erstatning for avlingsskade. Basert på gjeldande prognosar ligg det an til eit forbruk på 93,5 mill. kroner i 2014, som er 6,5 mill. kroner meir enn løyvinga på posten.

Departementet gjer framlegg om å auke kap. 1150 post 71 med 6,5 mill. kroner til 93,5 mill. kroner.

#### **Post 73 Pristiskskott, overslagsløyving**

Basert på gjeldande prognosar ligg det an til eit underforbruk på posten tilsvarende 57,8 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei redusert løyving på posten tilsvarende 57,8 mill. kroner til 2 516,5 mill. kroner.

### **Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.**

#### **Post 85 Marknadsordninga for korn**

Marknadsprisane internasjonalt på protein og feitt er venta å halde seg så høge at det ikkje er prognosert med prisutjamningsbeløp på kraftfôrråvare i 2014.

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 59,5 mill. kroner.

### **Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap**

#### **Post 90 Avdrag på lån**

I samband med at Statskog SF kjøpte skogselskap frå Orkla ASA fekk føretaket eit statleg lån på 475 mill. kroner. Med grunnlag i usikkerheit om Statskog SF sin likviditetssituasjon mot slutten av året, blir forventninga til innbetaling av låneavdrag redusert frå 50 mill. kroner til 10 mill. kroner i 2014.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon på possten på 40 mill. kroner.

### **Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet**

#### **Post 85 Utbytte**

Grunna lågare utbytte enn budsjettet blir det gjort framlegg om ein reduksjon på posten tilsvarende 2,1 mill. kroner.

### **Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte**

#### **Post 80 Renter**

Sjå omtale i proposisjonen under kap. 4162 post 90. Rentekostnaden for lånet i 2014 aukar noko. Departementet gjer difor framlegg om å auke kap. 5652 post 80 med 1,2 mill. kroner.

### **Komiteens merknader**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Else-May Botten, Ingrid Heggø, Odd Omland og Knut Storberget, fra Høyre, Frank Bakke-Jensen, Ingunn Foss, Gunnar Gundersen og Ove Trellevik, fra Fremskrittspartiet, Harald Eivind Bakke, Øyvind Korsberg og Jørund Rytman, fra Kristelig Folkeparti, Line Henriette Hjemdal, fra Senterpartiet, lederen Geir Pollestad, og fra Venstre Pål Farstad, viser til Prop 28 S (2014–2015).

#### **Kap 1150 post 1**

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet viser til at kap. 1150 post 1 er redusert med 4,4 mill. kroner. Dette er knytt til den store IT-omlegginga av forvaltingssystemet for produksjonstilkotta (eStil). Det går fram at framdrifta i prosjektet er usikker. Departementet grunngjev dette med «fleire faktorar». Denne medlemen har merka seg at i Prop. 106 S (2013–2014) så er eStil framheva som eit av dei ti viktigaste forenklingsforsлага frå regjeringa innan jordbruket. Denne medlemen registrerer at departementet ikkje er i stand til å følgje opp dette i 2014.

Komiteens medlemmer fra Høyre og FrP viser til at det ikke er uttalt usikkerhet knyttet til prosjektets framtid, men en noe forsinket oppstart. Forsinkelsen i oppstartsfasen er knyttet til tilleggsutredninger fram mot jordbruksoppgjøret 2015 (jf. Prop. 106 S (2013–2014) kap 7.10.3), i tillegg til at anskaffelsesprosesser tar tid. Disse medlemmer viser til at utbetalinger over denne posten kan være knyttet til kjøp av eksterne tjenester i forbindelse med utredninger, inkludert utvikling av IKT-løsninger. Dette er ofte oppgaver som blir gitt i jordbruksforhandlingene i mai. Disse medlemmer viser til at en anskaffelsesprosess med anbudsinnhenting og evaluering av tilbud, kan gjøre det vanskelig alle rede under jordbruksoppgjøret å bedømme hvor mye

av utbetalingen som kommer på inneværende kalenderår, og hvor mye som kommer påfølgende år.

Komiteen har ellers ingen merknader.

### **Komiteens tilråding**

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å fatte følgende

### **vedtak:**

#### I

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
<b>Utgifter</b>			
1100	Landbruks- og matdepartementet		
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	500 000	
	frå kr 1 069 000 til kr 569 000		
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, blir redusert med .....	179 000	
	frå kr 272 000 til kr 93 000		
1115	Mattilsynet		
1	Driftsutgifter, blir redusert med .....	4 000 000	
	frå kr 1 228 671 000 til kr 1 224 671 000		
1147	Statens reindriftsforvaltning		
1	Driftsutgifter, blir auka med .....	3 000 000	
	frå kr 45 625 000 til kr 48 625 000		
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	500 000	
	frå kr 7 289 000 til kr 6 789 000		
82	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	2 500 000	
	frå kr 2 500 000 til kr 0		
1148	Naturskade – erstatningar		
71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	22 050 000	
	frå kr 216 700 000 til kr 238 750 000		
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
1	Driftsutgifter, blir redusert med .....	4 360 000	
	frå kr 7 360 000 til kr 3 000 000		
21 (ny)	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	4 360 000	
	frå kr 0 til kr 4 360 000		

Kap.	Post	Formål	Kroner
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	6 500 000
		frå kr 87 000 000 til kr 93 500 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	57 835 000
		frå kr 2 574 350 000 til kr 2 516 515 000	
<b>Inntekter</b>			
4115		Mattilsynet	
	1	Gebyr m.m., blir redusert med .....	8 000 000
		frå kr 142 493 000 til kr 134 493 000	
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	85	Marknadsordninga for korn, blir redusert med .....	59 519 000
		frå kr 59 520 000 til kr 1 000	
4162		Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	
	90	Avdrag på lån, blir redusert med .....	40 000 000
		frå kr 50 000 000 til kr 10 000 000	
5651		Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	
	85	Utbytte, blir redusert med .....	2 068 000
		frå kr 5 000 000 til 2 932 000	
5652		Statskog SF – renter og utbytte	
	80	Renter, blir auka med .....	1 200 000
		frå kr 4 700 000 til kr 5 900 000	

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

## II

### *Tilsegnsfullmakter*

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2014 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar .....	131,1 mill. kroner

Oslo, i næringskomiteen, den 4. desember 2014

**Geir Pollestad**  
leiar og ordførar